

SYRIL må dekke renter på dette lånet. Det vart vedteke på ekstra årsmøte i november 2019.

Men like etter at vi starta arbeidet i vår, kom Koronapandemien. SYRIL måtte legge ned all aktivitet noko som medførte at alle inntektene våre forsvann. Vi har fått kompensert tapet etter Kjeringi open og fotballgruppa har no starta opp att sine aktivitetar. Men likevel er den økonomiske situasjonen til laget slik at vi vurderer å utsetje ferdiggjering av friidrettsstadion til vi er over i ein normal situasjon. Det vil sei ferdiggjering i 2021 føresett at vi ikkje får ny koronapandemi som gjer at vi igjen må legge ned aktiviteten. Då vert det enno lenger utsetjing.

Vi håpar at medlemmane i SYRIL ønskjer å hjelpe til i denne vanskelege situasjonen. Det kan vi gjere med ei ekstra gåve som ein betalar inn på konto 3781.07.31029 eller VIPPS 88235. Merk innbetalinga med «Støtte til Friidrettsstadion». Beløpet er valfritt.

Saka blei presentert i Sogn avis 18. mai:

<https://www.sognavis.no/her-blir-det-moderne-friidrettsarena-eit-viktig-lyft-for-bygda/s/5-115-422665>



STOR ENTUSIASME: Det var ikkje reint få som matte fram for å syna kva dette tyder for dei, då Per Hauge og Jørgen Eikenes skulle møte Sogn Avis for å fortelja om planane fredag ettermiddag. Foto: Bjørn Sælsnæs

Manglar pengar

Men prosjektet er ikkje heilt i mål på den økonomiske sida.

– Fyrst skal Fosse Maskin laga ferdig flate. Andre del av prosjektet, dekket, er ferdig prosjektert, men ikkje fullfinansiert enno, fortel prosjektleiar Eikenes.

Vanskelege grunnforhold har gjort grunnarbeidet dyrare enn venta og koronasituasjonen råkar idrettslaget på dugnadssida.

– Me risikerer å setja gummien på vent, for me kan ikkje starta før finansieringa er på plass.

Viktig å fullføra

– Me skal ikkje berre fullføra, men skapa aktivitet og ha eit fullverdig anlegg her, noko eg håpar folk ser verdien av, seier Per Hauge.

Saman med resten av idrettslaget planlegg han ein framstøyt mot både privatpersonar og verksemder for å få dei med på ein sponsordugnad i tida som kjem.

– Me må få det ferdig. Friidrettsmiljøet er viktig for bygda, for der finn alle noko dei meistarar, så det er viktig å satsa på friidretten, appellerer Henrik Farstad Skagen.
